



Det blir nok folksomt i Dønhauglåven også dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Programmet for våren/sommaren 2008 er no klart for Dønhauglåven og Dønhaugkjedlaren og har mange høgdepunktar. Toppen blir truleg nådd med dobbelkonserten laurdag 28. juni då Jonas Fjeld og Henning Kvitnes kjem til Dønhaug. Ellers kjem mellom andre Stavangerensemblen, Vassendgutane og Heimalanne. Her er vår- og sommarprogrammet slik Magne Huglen presenterar det:

LÅVEDANSAR

FREDAG 18. APRIL: VASSENDGUTANE

Me opnar låvedanssesongen i 2008 som i 2007 med ingen ringare enn VASSENDGUTANE. Dette er utan samanlikning det mest populære live country-rock bandet i Noreg, og samlar fulle hus alle stadar dei opptre. Veka før dei kjem her har dei sleppt sitt nye album, og vil nok vera meir aktuell enn nokon gong. Til låvedansen i 2007 vart billettane så godt som utseld fyrste salsdag, så her må ein vera om seg.

LAURDAG 10. MAI (PINSEFTA)

STAVANGERENSEMBLET OG TERJE FRIGÅRD BLUESBAND

På pinsefta blir det to band som kjem til å stå for musikken. Hovudbandet er sjølvaste STAVANGERENSEMBLET. Dei måtte dessverre melda avbud i 2007 p.g.a. sjukdom, men er no klar for låvedans. Dette var kanskje Noregs mest populære band på 80-talet. Svært mange av den vaksne generasjon kan songane til bandet som t.d. "Kan'kje finna fingeren", "Ta ein kjangs", "Ska det ver, så ska det ver", "På bommen" m.fl. Bandet starta opp att etter 16 års pause i 2001, og gjer no nokre "jabbar" kvart år. Dei som har høyrte dei nyleg, seier dei er betre enn nokon gong og med eit fantastisk sceneshow. Som supportband denne kveld stiller eks-kvinnheringen Terje Frigård opp med sitt bluesband. Desse leverer og eit utruleg scene-show med flott blues-rock musikk. Bandet var i Dønhaugkjedlaren i haust, og imponerte gjestene den gongen.

LAURDAG 14. JUNI : HEIMALANNE

Denne kvelden vert det gjenhøyr med Heimalanne. Bandet vitja Dønhauglåven i mai 2006, og leverte flott dansemusikk med gode tekstar. I juni 2007 gav dei ut nytt album "Godt og sjå deg", som fekk svært god kritikk. Det desidert beste gruppa har gjeve ut. Både låten "Der skal eg bu" og "Set deg ned" frå dette albumet låg fleire veker på Norsktoppen. Sjangeren er ei fin blanding av country/pop, med framifrå tekstar på dialekt.

Laurdag 19. juli: The Rich Harper Band (USA)

Dette er eit framifrå blues-/rock band frå USA, som er lite kjend i Norge og er fyrste gong dei vitjar vårt land på turneane sine. Dei har turnert både i Europa, Asia og Australia, der dei har delteke på dei store blues-festivalane. Bl.a. har dei vore ein av hovudattraksjonane på den største bluesfestivalen i Sverige dei siste par åra, med fantastiske tilbakemeldingar frå publikum. Fyrste spelestaden i Norge blir truleg ein intim blues-konsert i Dønhaugkjedlaren torsd. 3. juli, før dei dreg vidare til Skånevik Bluesfestival. På intimkonserten kan gjestene få ein smakebit kva dei kan venta seg på låvedansen seinare i juli.

Laurdag 16. august: E76

Me avsluttar låvedanssesongen med country/rock bandet E76 frå Telemark. Dette bandet vitja Dønhaug også i juni 2006, og samla full låve og skapte svært god stemning med flott dansemusikk. Dette er også eit at dei meir populære banda innan sin sjanger, og er nok godt kjend for dei aller fleste.

Utekonsert: LAURDAG 28. JUNI: JONAS FJELD OG HENNING KVITNES

Sommarens høgdepunkt blir utan tvil dobbelkonserten laurdag 28. juni. Denne kvelden vil gjestene få oppleve to fulle konsertar med to av landets mest populære artistar. Fyrst ut blir Jonas Fjeld med band, før turen er komen til Henning Kvitnes m/band. Begge desse er kjente og kjære artistar for dei aller fleste, og samlar "fullt hus" på konsertane sine. Å få oppleve begge desse artistane på ein og same kveld er unikt!! Henning Kvitnes har gitt ut nytt album i 2007, og er for dette nominert til Spelemannsprisen som skal delast ut no 2. februar.

I utgangspunktet er dette ein utekonsert, men dersom veret slår feil, vert konserten flytta til Dønhauglåven. Difor vil førehandssalet i fyrste omgang ikkje vera større enn at me kan flytta arrangementet inn. Med gode verprognosar, vil dei resterande billettane bli lagt ut på førehandssal siste veka før konserten.

DØNHAUGKJEDLAREN

Laurdag 16. februar:	Rune Hauge og Kjersti Misje
Palmehelga 14. og 15. mars:	Gil Edwards
Påskeveka:	Ikkje ferdig booka – musikk to kveldar (TBA)
Laurdag 6. april:	Ikkje ferdig booka (TBA)
Torsdag 3. juli:	The Rich Harper Band (USA) Blueskveld
Juli/August:	Andrea Rice (Irland) to konsertar (TBA)



Magne Huglen satser sterkt også i 2008. Her er han saman med Andre Rice. (Foto: Ola Matti Mathisen)